

Tur til Snøfjellet

Flora turlag melder at onsdagsturen i morgon ettermiddag går til Snøfjellet (782 m.o.h.) rett aust for tunnelen gjennom Magnhildskaret. Fjellet markerer eit vasskilje og er her står eit merke som markerer kommunegrensa mellom Flora og Bremanger. Turen er relativt lett – ca. to og ein halv times fottur tur/retur frå parkeringsplassen ved tunnelen. I tillegg kjem bilturen til og frå Krokane.



Mykje spir å få

Spiren, eller småmakrell er no komen inn i alle fjordar. Han jaktar etter sildemaet som kokar i vikar og sund, og rymer i dottar for det alt glupske som jaktar både frå sjøen og lufta. Tidlegare har makrellen vore vanskeleg å få på snøre, men no renner han harpa full straks du finn ein dott, melder hobbyfiskarar.

Konferanse om fornybar energi

Onsdag 26. august blir det arrangert ein konferanse om fornybar energi i Flora Samfunnshus. Tema er: «Fornybar energi og regional næringsutvikling», og der er høve til å delta på heile eller deler av konferansen som er tredelt: 1. Rammevikar for fornybar energi. 2. Dialogmøte med framlegging av forslag til strategiplan for fornybar energi i Sogn og Fjordane. 3. Regional næringsutvikling med vekt på samferdsel.

– Frekt utspel av Høgre

FLORØ: Heidi Grande Røys (SV) meiner det er frekt av Høgre å hevde Florø har krav på større del av oljeverksemda frå felta her på kysten. – Dei pratar mot betre viten og gamblar på at Florø-folk har korttids-hukommelse, slår ho fast.

DAG NESBØ FRØYEN
dag@firdaposten.no

Høgre sin talsmann for energi og miljø, Peter Gitmark, gjekk ut i Firdaposten torsdag og peika på at oljenæringa burde sjå verdien av verdiskaping i distriktet. Argumentet støtta han på at det ville gjere det mogeleg å få politisk støtte for utvinning av fleire felt langs kysten. Han hevda også Florø hadde krav på større del av kaka i det industrietviret som skjer like vest av fylket.

– Dette er utsegner som får Heidi Grande Røys til å reagere kraftig. Ho meiner det er frekt og i det beste fall historieløst.

– Her er Høgre på veldig tynn is. I 2004 la dei fram ei stortingsmelding som skulle sikre oljeselskapa større fleksibilitet i konsesjonsvilkåra. I klar tale var dette ei blankofullmakt til å sentralisere all aktivitet. Dette ville vore døden for basen i Florø, poengterer Grande Røys.

Protesterte

I saman med SV-leiar Kristin Halvorsen sende ho brev til dåverande olje og energiminister Einar Steensnæs og åtvare mot ei slik nedbygging av basen i Florø. Høgre vart også nedstemt i Stortinget i denne saka.

– No ser dei at ei utbygging i Lofoten aldri vil skje utan poli-



tisk støtte hovudsakleg ved å legge arbeidsplassar til distrikta. Då er det oppsiktsvekkjande at dei snakkar om at distriktet har krav om meir aktivitet. Dei har til no jobba for det motsatte ved å ville lempe på krava, seier Grande Røys.

Haldninga meiner ho ein kan finne i ei tydeleg linje i Høgre. Det same viste seg under debattane kring Gjøa utbygginga.

– Her var dei i opposisjon og trekte fram at næringa ville oppleve ei kostnadsauke og forseinkingar om arbeidsplassar skulle

leggast i distriktet. Per Kristian Foss fronta saka og meinte regjeringa her hadde gjort ein hestehandel som ikkje tålte dagens lys, seier Grande Røys, om arbeidet med å kreve fleire arbeidsplassar i distriktet.

Samd Sande

Stortingsrepresentant Erling Sande frå Senterpartiet vil heller ikkje la Gitmark og Sogn og Fjordane Høgre få sleppe unna i denne saka.

– Det seier seg sjølv at det ikkje vil vere aktivitet i oljebransjen i distriktet om ikkje det blir sett klare krav i konsesjonane vi gir næringa. Høgre ønskjer å lempe på krava medan vi vil styrke dei for å trygge og skape arbeidsplassar i distriktet, seier Sande og er heilt på linje med sin kollega Grande Røys i SV.

REACERER: – Høgre vil utfordre næringa til å tenke desentralisert medan vi vil sette krav for å sikre arbeidsplassar. Det høyrer ut som om Høgre prøvar å gloyme kva dei har gjort då dei sat med makta, seier Heidi Grande Røys.

Foto: Dag Nesbø Frøyen



Firdaposten 30. juli 2009



MYKJE «FEIL» KØYRING: Politiet i Bremanger batelegg no sjåforar av firkjøljar som køyrer ulovleg.

Mange køyrer ulovleg i Bremanger

I sommar har politiet i Bremanger stogga mange som køyrer ulovleg på firkjøljar.

CECILIE EIKÅS NYGÅRD
cecilie@firdaposten.no

I løpet av sommaren har politiet

i Bremanger stoppa fleire som har køyrt ulovleg med uregistrerte firkjøljar på offentleg veg fleire stader i kommunen.

Men lensmann Hans Rune Strandos vel i det lengste å tru det beste om folk. Han meiner

det ofte dreier seg om misforståingar om kva det er lov å bruke firkjølgingane til.

– Når folk køyrer firkjølgingane på vegane utan at dei har vore registrert for dette, er det ulovleg, og då botlegg vi sjåforane. Men dette er ikkje

noko vi har meir av i Bremanger kommune enn andre stadar i politidistriktet, trur Strandos.

Det er heller ikkje lov å køyre firkjøljar i terreng utan å ha løyve til dette, grunna lov om motorferdsel i utmark.